



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokneråd

Møteprotokoll for Radøy sokneråd

Tid: 10.12.2014 kl. 18:00
Stad: KYRKJEKONTORET

Frammøtte:

Simon Walther Grandahl	Leiar
Gudrun Maria Solen Rikstad	Nestleiar
Elin Irene Klausen	Medlem
Marta Grønstad Hvidsten	Medlem
Ludvig Grindheim	Medlem
Oddvar Egil Stang	Varamedlem
Per Bjørkhaug	Varamedlem
Kristen Kvalheim	Medlem
Kjell Johan Sekkingstad	Medlem
Audun Sylta	Sekretær

Forfall:

Kenth Remy Nesbø	Medlem
Britt Sissel Kvamme	Medlem
Silje Kristin Ellingsen	Medlem
Jostein Dale	Kommunal representant

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel
2014/28		(F) Søknadar om fornying av gravfeste
2014/29		(S) Offermål 2015
2014/30		(S) Omfordeling av presteressursane i Nordhordland prosti
2014/31		(S) Forslag på leke kandidatar til Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet
2014/32		(S) Val av leiar og nestleiar
2014/33		(S) Møteplan for soknerådet 2015
2014/34		(S) Soknerådsval 2015

Meldingar:

- Manger kyrkje -
Tiltak:
Det vert danna ei prosjektgruppe som vurderer tilbod på utbetring på vegne av soknerådet. Gruppa skal også handtere dårlege vermeldingar og vurdere bruk av av kyrkja framover. Simon Walther Grandahl, Ludvig Grindheim og Audun Sylta deltek. Det er også ynskjeleg å få med ein representant for Radøy kommune.
- Gjevarteneste - statusoppdatering v/ Kristen Kvalheim

KYRKJEKONTORET, 11.12.2014

2014/28 (F) Søknadar om fornying av gravfeste**UTREDNING**

Radøy sokneråd vedtok nye kyrkjegardsvedtekter i januar 2009. Desse vart godkjende av Bjørgvin bispedømeråd i februar 2009.

§3 Freding og feste av graver.

Fredningstida for ei grav er 20 år for alle kyrkjegardane i kommunen.

Festetida er 20 år om gongen fram til grava er 60 år etter siste gravlegging. Dette gjeld både for særskilt feste av reservert grav på tilvist plass, og for omattfeste av grav etter at fredningstida er ute.

Ei grav vert fornya så snart festeavgifta er betalt etter gjeldande satsar.

Ei grav som er 60 år, kan berre fornyast etter særskilt søknad til soknerådet, og då for inntil 10 år. I særskilde høve (t.d. barnegraver der søken ennå lever, eller andre spesielle tilhøve) kan soknerådet gje forlenging av feste utover 70 år.

Kyrkjekontoret sende ut varsel om opphøyr av gravfeste i oktober 2014. Desse gjaldt graver som var 60 år eller eldre i 2013. Det har kome inn 8 søknadar om å få fornya gravfeste.

INNSTILLING

Etter ein gjennomgong av søknadane, og ei vurdering av gravenes plassering og alder, legg ein fram fylgjande innstilling:

Namn	Gravdato	Plassering	Søkt til	Kommentar	Framlegg
Johannes R.Nordanger	1940	06.C.03.12	Ikkje spesifisert	Feltet er freda. Nabograver utgår 2024.	2024
Kristen Thomassen Hella	1949	04.B.9.15	5 år	Del av ein gravstad som er betalt til 2017.	2017 for å samkøyre gravene.
Mikkel T Instebø	1943	05.B.2.3	10 år		2024
Lovisa Larsdtr. Sylta	1950	01.C.5.8	2018		2018
Kristine Morken	1942	03.D.2.9	5 år		2019
Karl Johan og Emilie Vangberg	1949/1953	04:A.2.6 / 7	10 år		2024
Ove Ulvatn	1953	06.C.6.31	10 år	Feltet er freda. Nabograver utgår 2026.	2024
Hellemann Ulvatn	1939	03.C.4.31	10 år	Nabograver utgår 2023.	2024

Gravkodar: Gravplass.Felt.Rekkje.Grav

01=Bauten, 02=Hordabø, 03=Manger, 04=Sjur, 05=Sletta, 06=Sæbø.

VEDTAK

Soknerådet gjorde vedtak i samsvar med tilrådinga.
Samrøystes.

2014/29 (S) Offermål 2015

UTREDNING

Soknerådet avgjer om det skal takast opp offer i kyrkja, og forvaltar dei midlane som blir samla inn til kyrkjeleg verksemd både innfor og utfor soknet.

Offer /innsamla midlar til verksemd utanfor soknet vert som regel sendt til landsdekkande kristelege organisasjonar og til diakonale og humanitære føremål.

Offer til veksemd innanfor soknet kan:

- nyttast til å dekkje utgifter knytte til verksemd soknerådet har ansvar for, innhaldsmessig og økonomisk,
- overførast til kyrkjeleg fellesråd
- overførast til verksemd i soknet organisert utanfor ansvarsområdet til soknerådet

Kvart år kjem mange søknader frå lag og organisasjonar om å få tildelt offer. Mange sender gode søknader med dokumentasjon på kva dei jobbar med og for. For å sikre at alle vert rettferdig vurdert har soknerådet tidlegare valgt eit gruppe på 3 personar som skal laga ei innstilling etter å ha vurdert dei innkomne søknadane.

På møte 5.februar 2014 valde soknerådet Silje Kristin Ellingsen, Marta Hvidsten og Marianne Støylen Skaug som offerkomitè.

Offerkomitèen har no kome med framlegg om offermål for 2015.

INNSTILLING

Offerkomitèen sitt framlegg til offermål for 2015 vert godkjent slik den ligg føre.

VEDTAK

Soknerådet vedtok offerkomitèen sitt framlegg til offermål for 2015.
Samrøystes.

2014/30 (S) Omfordeling av presteressursane i Nordhordland prosti

UTREDNING

Det har kome framlegg om å dra inn 100% (1 stilling) av 300% presteressurs som no vert disponert av sokna i Masfjorden, Gulen og Solund. Det er tenkt at ressursen skal overførast til Meland sokn.

Bispedømet ber om at sokneråda uttalar seg til framlegget om å omdisponere presteressursar innan prostiet. Frist for tilbakemelding er sett til 2.februar 2015.

Dette kan gjennomførast på fleire måtar og i brev av 05.11.2014 frå Bjørgvin bispedømeråd er det sett opp fire alternativ til løysing, sjå vedlegg. Ingen av dei skisserte løysingane får følger for prestenesta i vårt sokn. Sidan alternativa i utgangspunktet ikkje fører til endringar for Radøy er det heller ikkje naturleg for soknet å koma med andre framlegg til løysing enn dei oppsette alternativa.

INNSTILLING

Radøy sokneråd tek brev av 05.11.2014 frå Bjørgvin bispedømeråd til etterretning.

Vi går ut fra at løysinga som vert valgt ikkje får følger for prestenesta i Radøy sokn.

MØTEBEHANDLING

Soknerådet synest det er beklageleg at det er tale om å inndra presteressursar i Solund, Gulen og Masfjorden. Presten har ei sentral rolle i det kyrkjelege arbeidet og dette vert særleg merkbar i mindre sentrale strøk der det kanskje heller ikkje er så mange frivillige å fordela arbeidet på.

Store avstandar gjer at mykje av tida til prestane går til å koma seg mellom dei ymse tenestestadane. Dersom ein reduserer ressursen med ei tredjedel vil dette verta svært merbart for dei kyrkjelydane som vert råka av endringa.

VEDTAK

Radøy sokneråd vil peika på at alle dei skisserte alternativa vil føra til ei dramatisk endring av prestenesta i dei kommunane som vert råka av ein eventuell reduksjon.

Soknerådet synest det er beklageleg at det er tale om å inndra presteressursar i Solund, Gulen og Masfjorden. Presten har ei sentral rolle i det kyrkjelege arbeidet og dette vert særleg merkbar i mindre sentrale strøk der det kanskje heller ikkje er så mange frivillige å fordela arbeidet på.

Store avstandar gjer at mykje av tida til prestane går til å koma seg mellom dei ymse tenestestadane. Dersom ein reduserer ressursen med ei tredjedel vil dette verta svært merbart for dei kyrkjelydane som vert omfatta av endringa.

2014/31 (S) Forslag på leke kandidatar til Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet

UTREDNING

Hausten 2015 skal det vera kyrkjeval. Det skal veljast bispedømeråd for perioden 1. jan. 2016 - 31. des.2019. Bispedømerådet har 7 leke medlemmer, 1 lek kyrkjeleg tilsett og 1 prest. Biskopen er i tillegg fast medlem. Sokneråda har ei viktig oppgåve i å foreslå kandidatar til bispedømerådet.

Bjørgvin bispedømeråd oppmodar sokneråda i Bjørgvin om å fremja forslag på inntil fire kandidatar kvar til leke medlemmer av bispedømerådet.

Frist: 15. januar 2015.

Om bispedømerådet sine oppgåver seier kyrkjelova § 23 at rådet skal ha merksemda si på alt som kan gjerast for å vekkja og gje næring til det kristelege livet i kyrkjelydane, og det skal fremja samarbeidet mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper i bispedømet. Medlemene i bispedømerådet utgjer også Bjørgvin sine medlemmer i Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt høgste organ.

Bispedømerådet har om lag 8 møter i året. Eit verv i rådet krev evne til å setja seg inn i store og til dels kompliserte saker, god kjennskap til Den norske kyrkja og eit ønskje om å vera med å leia kyrkja. Både unge og erfarne vil ha mykje å gje i eit slikt arbeid. Dei vil få vera med på å tilsetja prestar, arbeida med strategi og økonomi, gudstenesteliv, rammer for arbeidet i sokna og kyrkjepolitiske saker. I den komande valperioden skal ny kyrkjeordning meislast ut, eventuell vigsel av likekjønna blir heilt sikkert eit tema og kyrkja skal finna ut kva det vil seia å vera kyrkje i ei ny tid, ei tid prega av endring, omstilling og eit anna tilhøve til staten enn tidlegare.

Krav til kandidatane

Soknerådet kan (evt. ved fleirtalsrøysting) fremja skriftlege framlegg på inntil fire leke kandidatar til å bli nominert til val på lekt medlem av bispedømerådet. Kandidatane treng ikkje vera frå soknet, dei kan bu i heile bispedømet. Dei kandidatane som vert fremja, må spørjast på førehand og ha sagt ja til å vera kandidat.

«Valbar som leke medlemmer av bispedømeråd og Kyrkjemøtet er alle som har rett til å røysta ved valet, som seinast i det året det vert røysta, vil ha fylt 18 år, og som ikkje er valbar som prest eller som lek kyrkjeleg tilsett...» (Val av leke medlemmer til bispedømeråd og Kyrkjemøtet, § 2-2.)

Medlemer av nominasjonskomitéen kan ikkje stå på vallista.

Medlemer av bispedømerådet kan fremjast som kandidatar, det er ikkje lenger noko grense for kor lenge same person kan vera vald inn i bispedømerådet.

Nominasjonskomitéen for leke treng eit breitt utval av kandidatar. I følgje valreglane § 2.6 skal kandidatlista på 18 namn ha med personar frå ulike distrikt. Det skal vera minst åtte personar av kvart kjønn på lista. Vidare må det vera minst fire kandidatar under 30 år.

Nominasjonskomitéen bør arbeida for å få med kandidatar som dekkjer ei breidde i synet på aktuelle kyrkjelege spørsmål.

I tillegg til sokneråda, kan nominasjonskomitéen sine 10 medlemmer, ein medlem frå kvart prosti, foreslå eit namn kvar. I tillegg kan ungdomsrådet i Bjørgvin fremja fire kandidatar. Det er ikkje noko i vegen for at fleire sokneråd drøftar aktuelle kandidatar og gjer framlegg om dei same kandidatane.

Slik melder de kandidatar

Av omsyn til nominasjonskomitéen sitt arbeid, bør det følgja ein liten stikkordsmessig presentasjon av kandidaten saman med ei grunningjeving på kvifor vedkomande bør bli nominert.

Gyldige framlegg på kandidatar må innehalda nødvendige opplysningar:

- Fullstendig namn, stilling, telefon og e-post.
- Fødselsdato
- Bustadsokn
- Ei grunningjeving for kvifor vedkomande bør bli nominert.

Det er eit eige skjema som skal nyttast dersom soknerådet ynskjer å koma med framlegg på lek(e) kandidatar til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Soknerådet må ta stilling til om dei ynskjer å fremja forslag på kandidat(ar) til leke medlemmer. Kandidat(ar) som vert fremja, må spørjast på førehand og ha sagt ja til å vera kandidat.

INNSTILLING

Saks vert lagt fram utan tilråding.

MØTEBEHANDLING

Soknerådet ynskjer å føreslå Grethe Lunde og Gunnar Kartveit som leke medlemmer til Bjørgvin bispedømeråd. Fristen for å senda inn forslag er 15.januar 2015.

Administrasjonen får ansvar for å ta kontakt med dei føreslegne og sende inn framlegg innan fristen.

VEDTAK

Soknerådet ynskjer å føreslå Grethe Lunde og Gunnar Kartveit som leke medlemmer til Bjørgvin bispedømeråd. Fristen for å senda inn forslag er 15.januar 2015.

Administrasjonen får ansvar for å ta kontakt med dei føreslegne og sende inn framlegg innan fristen.

2014/32 (S) Val av leiar og nestleiar

UTREDNING

Etter kyrkjevalet 12.sept. 2011, vart desse representantane valgt til Radøy sokneråd:

Ludvig Grindheim, Elin Irene Klausen, Martha Grønstad Hvidsten, Kenth Remy Nesbø, Britt Sissel Kvamme, Silje Kristin Ellingsen, Gudrun Maria Solen Rikstad, Simon Walther Grandahl.

Vara:

Oddvar E.Stang, Per Bjørkhaug, Oddbjørg Dragøy, Kristen Kvalheim,
Gunnar O.Kartveit.

Soknerådet skal i det konstituerande møtet og seinare kvart år velja leiar og nestleiar blandt medlemene i rådet. Vala skal vera skriftlege, jf. Reglar for sokneråd og fellesråd §1.3. Det er naturleg å velje dei to kvar for seg, først leiar og så nestleiar. På konstituerande møte er ein vedtaksfør når minst 2/3 av medlemmene er til stades.

På møte 09.11.2011, sak 32/2011 vart det gjort slik val:

Ludvig Grindheim vart valgt som leiar og Gudrun Rikstad vart valgt som nestleiar i Radøy sokneråd ut 2012.

På møte 12.12.2012, sak 33/2012 vart desse valgt:

Simon Walther Grandahl vart valgt som leiar og Gudrun Rikstad vart valgt som nestleiar i Radøy sokneråd ut 2013.

På soknerådsmøte 11.12.2013, sak 39/2013, vart Simon Walther Grandahl valgt som leiar og Gudrun Rikstad som nestleiar for 2014.

Soknerådet skal no velja leiar og nestleiar for 2015. På grunn av at det er soknerådsvil i 2015 vil vala gjelda fram til soknerådet gjer nytt val, venteleg i november 2015.

INNSTILLING

Saka vert lagt fram uten innstilling.

MØTEBEHANDLING

Det kom forslag på Simon Walther Grandahl som leiar.

Etter skriftleg val fekk Simon Walther Grandahl 8 røyster. I blank røyst.

Det kom forslag på Gudrun Rikstad som nestleiar.

Etter skriftleg val fekk Gudrun Rikstad 8 røyster. I blank røyst.

VEDTAK

Etter skriftleg val vart Simon Walther Grandahl vald som leiar i Radøy sokneråd fram til nytt val i 2015.

Etter skriftleg val vart Gudrun Rikstad vald som nestleiar i Radøy sokneråd fram til nytt val i 2015.

2014/33 (S) Møteplan for soknerådet 2015

UTREDNING

Soknerådet må ha møter regelmessig gjennom året. I 2010 var det planlagt 11 møter og halde 10. For 2011 og 2012 vart det gjennomført 10 møter etter planen. For 2013 var det planlagt 10 møter. Dersom vi reknar med med fellesmøte på Austrheim i oktober vart det også gjennomført 10 møter i 2013.

For 2014 var det planlagt 9 møter og halde 8.

Nokre av møta har hatt få saker og reint praktisk vil det ikkje vera vanskar med å samla sakene på litt færre møter. Mange har ein travel kvardag, er svært opptatte og ynskjer ikkje å ha fleire møtedagar enn naudsynt. På den andre sida kan det ha ein eigenverdi at soknerådet treffes og har møter sjølv om det ikkje alltid er så mange saker. Det gjev rom for diskusjonar som ein elles ikkje finn tid til.

I innstillinga er det lagt opp til 4 møter på våren og 5 på hausten 2015. Dette vil i utgangspunktet vera tilstrekkeleg for å dekkja den aktiviteten og dei sakene som skal handsamast.

Soknerådet gjorde 09.11.2011 vedtak om at møta i 2012 skulle vera onsdager mellom kl. 18.00 og 20.00. Rådet har seinare gjeve uttrykk for at dei ynskjer å halda fram med å ha møter onsdagar mellom kl. 18.00 og 20.00.

Soknerådet er vedtaksføre når minst halparten av medlemane er til stades på møtet. Leiaren eller minst 1/3 av medlemane kan krevja møte, jf. Reglar for kyrkjeleg fellesråd si verksemd. Då kommunen sine representantar berre treng delta på fellesrådssakene, startar ein møta med desse.

Den som er valgt som medlem av et lovbestemt kirkelig organ, plikter å delta i organets møter, med mindre det foreligger gyldig forfall. Arbeidstaker har krav på fri fra arbeid i det omfang dette er nødvendig på grunn av møteplikt i lovbestemt kirkelig organ eller utvalg oppnevnt av slikt organ.

Medlem som er til stede i et lovbestemt kirkelig organ når en sak tas opp til avstemning, plikter å avgi stemme. Ved valg og ansettelse er det adgang til å stemme blankt, jf. Kyrkjelova § 30.

INNSTILLING

Framlegg til møteplan/årsplan 2015:

- onsdag 4.februar
- onsdag 11.mars
- onsdag 6.mai Godkjenning av kandidatliste til soknerådsvalet.
- onsdag 10.juni Offermål 2.halvår.
- onsdag 19.august Medarbeidarsamling.

- onsdag 23.september Kyrkjeval - formell avslutning.
- onsdag 21.oktober Budsjett 2016.
- onsdag 4.november Konstituering av nytt sokneråd
Arbeids- tilsetjings- og permisjonsreglement.
- onsdag 9.desember Val - juleavslutning.
- Møtetid: kl. 18.00 - 20.00.

MØTEBEHANDLING

Det kom ønske om å flytta møtet onsdag 19.august til onsdag 26.august.

VEDTAK

Møteplan/årsplan 2015:

- onsdag 4.februar
 - onsdag 11.mars
 - onsdag 6.mai Godkjenning av kandidatliste til soknerådsvalet.
 - onsdag 10.juni
 - onsdag 26.august Medarbeidarsamling.
 - onsdag 23.september Kyrkjeval - formell avslutning.
 - onsdag 21.oktober Budsjett 2016.
 - onsdag 4.november Konstituering av nytt sokneråd
Arbeids- tilsetjings- og permisjonsreglement.
 - onsdag 9.desember Val - juleavslutning.
 - Møtetid: kl. 18.00 - 20.00.
-

2014/34 (S) Soknerådsva 2015

UTREDNING

I 2015 er det val av nytt sokneråd. Ifølge kyrkjelova § 4 fjerde ledd skal kyrkjelege val haldast samtidig med og i umiddelbar nærleik av val til Storting, fylkesting eller kommunestyre. Valdagen er fastsett til mandag 14.september 2015.

Soknerådet må konstituere seg som valstyre, velge leiar av dette styret og oppnevne nominasjonskomite, eventuelt etablere eit valteam. Frist 1.januar 2015.

Ved førre val, i 2011, nytta vi valteam. Ansvar til valteamet var då å koordinera valstyret (soknerådet) og nominasjonskomiteen sitt arbeid. Teamet var samansett av leiar i soknerådet, leiar i valstyret og dagleg leiar.

Det må også veljast ein nominasjonskomite på 3 - 5 personar. Frist januar 2015. Nominasjonskomiteen bør starta arbeidet sitt seinast i månadsskiftet februar/mars. Listeforslag skal underskrivast av 10 forslagsstillarar. Dersom det berre er ei liste er det naturleg at nominasjonskomiteen er mellom dei som skriv under. Listeforslag skal vera levert soknerådet innan 1. mai 2015.

Det kan utarbeidast ein lokal informasjonsplan for kyrkjevalet. Valteamet og valstyret bør i så fall finna personar som kan vera informasjonsansvarleg. Denne vil ha ansvar for utarbeiding og oppfølging av lokal informasjonsplan. Ved førre val det redaksjonsnemda for Radar med tillegg av redaktøren som lagde informasjonsplan.

Ved sist val vart det arrangert valkurs for sokna i prostiet i februar i valåret. Dette vert venteleg også gjort ved dette valet. Her bør i første rekke leiar i soknerådet, leiar i valstyret (soknerådet er valstyre - ein tilrår å velja eigen valstyrelleiar), leiar for nominasjonskomiteen og administrativt støttepersonell (dagleg leiar) møta.

Det nye soknerådet (sokneråd med fellesrådfunksjonar i eitsokns-kommunar) trer i funksjon som sokneråd 1. november 2015 og som fellesråd 1. desember 2015.

INNSTILLING

Som leiar i valstyret vert oppnemd:

Som nominasjonskomite vert oppnemd:

- Kwart kyrkjelydsutval oppnevner ein person
- Komiteen vel sjølv leiar

Som valgteam vert valgt:

- leiar i soknerådet, leiar i valstyret og dagleg leiar.

MØTEBEHANDLING

Soknerådet er også valstyre. Det er høve til å velje ein annan enn soknerådsleiar som leiar av valstyret. Dette vart gjort ved soknerådsvalla både i 2009 og 2011.

Rådet ynskjer å følgja denne praksisen også ved valet i 2015.

Nominasjonskomiteen bør ha 3 - 5 personar.

Som nominasjonskomite vert det oppnemd ein eventuelt to personar av kvart kyrkjelydsutval.

Leiar i valstyret har saman med leiarane i kyrkjelydsutvala ansvar for at det vert gjennomført val til nominasjonskomiteen. Vala må gjennomførast i januar 2015.

- Komiteen vel sjølv leiar

Som valgteam vert valgt:

- leiar i soknerådet, leiar i valstyret og dagleg leiar.

VEDTAK

Som leiar i valstyret vert oppnemd: Gudrun Rikstad.

Som nominasjonskomite vert det oppnemd ein eventuelt to personar av kvart kyrkjelydsutval.

Leiar i valstyret har saman med leiarane i kyrkjelydsutvala ansvar for at det vert gjennomført val til nominasjonskomiteen. Komiteen vel sjølv leiar.

Som valgteam vert valgt:

- leiar i soknerådet, leiar i valstyret og dagleg leiar.